
Saksnr: 2020/75310-2
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Om deltaking i Mineralrådet Vestland og fylkeskommunen sitt arbeid med sakfeltet mineralressursar og mineralnæring

Forslag til innstilling

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid vert vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering. Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.

Samandrag

Saka gjeld primært spørsmålet om fylkeskommunen vil delta i det som er kalla Mineralrådet Vestland og i så tilfelle oppnemne to medlemar til rådet. Mineralrådet skal arbeide for best mogeleg industriell og berekraftig utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.

Initiativet til eit mineralråd kom frå kommunane Askvoll og Naustdal (Naustdal no del av Sunnfjord kommune) i 2017. Rådet vart oppretta i 2019. Sogn og Fjordane fylkeskommune slutta seg til rådet og løyvde 1,5 millionar kr til arbeidet. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har oppmoda Vestland fylkeskommune om å finansiere og følgje opp rådet vidare. Det har vore fleire spørsmål om mineralrådet i fylkestinget.

Ut frå svar på interpellasjonar inneheld saka ein del orienteringsstoff og vurderingar om saksfeltet mineralressursar og mineralnæring i Vestland fylke.

Som det går fram av administrasjonen si vurdering av Mineralråd Vestland, vurdert til sist i denne saka, sett opp mot krav til organisering i ny KommuneLov, er det administrasjonen si vurdering at med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid kan vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering. Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Mineralrådet: (Reglement, mandat, partnerskap, Mineralstrategi, Handlingsplan)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane 2017-2019

I åra 2017-2019 arbeidde kommunane Naustdal (no del av Sunnfjord kommune) og Askvoll med å få etablert eit mineralråd i Sogn og Fjordane. Rådet vart til slutt skipa i slutten av november 2019. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har oppmoda Vestland fylkeskommune om å finansiere og følgje opp rådet vidare.

Det starta med at dei to kommunane i desember 2017 sende på høyring eit forslag til kommunal mineralstrategi, der eitt av måla var å få etablert eit mineralråd i fylket.

Sogn og Fjordane fylkesutval behandla høyringssaka om «Mineralstrategi for kommunane Askvoll og Naustdal» på møtet i mars 2018, FU sak 23/18. I vedtaket står det blant anna at Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien. I vedtaket, pkt. 4, står det blant anna: «Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune vere deltakar i dette».

Fylkestinget i Sogn og Fjordane behandla saka «Mineralråd» på møtet 08.10.2019, sak 48/19. Frå saksframstillinga der vert det teke med følgjande utdrag:

Naustdal kommune har, saman med Askvoll kommune, teke initiativ til å skipe eit mineralråd for Sogn og Fjordane. Saka har vore drøfta i fylkeskommunale organ ved fleire høve, seinast i FU 29. mai 2019 og 28. august 2019. Det vart her lagt til grunn at kommunane og næringa har initiativet, og fylkeskommunen vert deltakar om rådet vert skipa - før årsskiftet.

[...]

I oppfølginga frå Naustdal kommune er framleis mykje av initiativet retta mot fylkeskommunen. Kommunen har sendt innkalling til konstituerande møte 26. november. Innkalling og underlag til møtet ligg ved saka. Underlaget omfattar framlegg til reglement. I framlegg til reglement er fylkeskommunen tillagt eit særleg ansvar for rådet, og representasjon er definert ut frå politisk posisjon. Fylkeskommunen har ved fleire høve presisert at fylkeskommunen kan slutte seg til, men ikkje leie og ta ansvar for, eit mineralråd. Fylkeskommunen bør også på fritt grunnlag kunne peike ut eigen representasjon. Utkast til vedtekter bør difor justerast.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok følgjande (i sak 48/19 Mineralråd):

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre. Mineralrådet må arbeide for best mogeleg industriell utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjett rapport pr. 2. tertial 2019.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vedtok 10.12.2019, sak 107/2019 «Oppfølging av fylkestingsvedtak - sak nr 48/19 Mineralråd»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til mineralrådet, jf. vedlagde reglement.
2. Arve Helle vert vald som medlem i mineralrådet. Fylkesutvalet oppmodar Vestland fylkesting om å utpeike den andre fylkeskommunale medlemen i rådet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 1,5 mill. kr til arbeidet i mineralrådet, jf. vedtak i samband med budsjett rapporten pr. 2. tertial. Midlane vil no kunne kome til utbetaling.

Då fylkesutvalet 10.12.19 behandla sak 107/2019, var utkast til justerte vedtekter for mineralrådet lagt ved. I saksframstillinga der er det informert om at skipingsmøtet for Mineralrådet var 28.11.19, og at Mineralrådet hadde følgjande medlemmer før evt. fylkeskommunal deltaking:

Jenny Følling (Sunnfjord kommune), Ole Andre Klausen (Askvoll kommune), Anita Hall (Norsk Bergindustri), Nina Dahl (Sintef), Gjertrud Halsne (Norstone AS) og Martin Melvær (Bellona).

Fylkeskommunen har hatt to medlemmer i rådet, Arve Helle (folkevald) og Jomar Ragnhildstveit (administrativt utpeika inntil vidare).

Vedlegg 1 til denne saka inneheld: 1) Reglement og mandat for mineralrådet, samt skildring av partnerskapen (partnerskapsmodell). 2) Mineralstrategi og 3) Handlingsplan for Mineralrådet Vestland 2020-2023, behandla på rådsmøtet 21. januar 2020.

Vestland fylkeskommune (2019-2021)

Det har vore fleire interpellasjonar i Vestland fylkesting om mineralrådet og fylkeskommunen sitt arbeid på mineralområdet. Spørsmål og svar i dei samanhengane har i stor grad påverka innhaldet i saka. Som bakgrunn vert følgjande teke med:

1 SI 4/2019 (17.12.19) - Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - ei framtidsretta og berekraftig mineralnæring

I interpellasjonen vart det blant anna spurt om og kommentert følgjande:

- Vil Vestland fylkeskommune handsame spørsmålet om å delta i eit mineralråd, finansiere det og følgje det opp vidare? Eller vil fylkeskommunen vurdere andre måtar å arbeide med å utvikle ei viktig næring i fylket, på ein berekraftig måte?
- Får fylkestinget i Vestland seg førelagt sak om mineralnæringa slik at den som skal representere fylkeskommunen i mineralrådet får eit grunnlag for arbeidet?
- Det prinsipielle i dette er kva fylkesordføraren meiner er ei berekraftig og framtidsretta mineralutvinning som det føreslåtte mineralrådet mellom anna skal ha fokus på. Er det berekraftig å dumpe store mengder restmassar/gruveslam med til dels giftige kjemikaliar i ein av fjordane våre og å ha ope dagbrot? Er det ikkje meir berekraftig og framtidsretta med underjordsdrift frå dag ein og utan å dumpe restmassar i sjøen. Og som sikrar stor lokal verdiskaping og positive verknader for lokalsamfunn og andre næringar i området.

I interpellasjonen var det også framlegg til følgjande vedtak, som ikkje vart realitetsbehandla: *«Vestland Fylkesting ber om å få sak om mineralutvinning i Vestland, om å opprette mineralråd, og særleg om dei konkrete planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring i Sunnfjord kommune.»*

Fylkesordføraren svarte blant anna følgjande på interpellasjon (sitat frå protokoll): *«Trass i nokre atterhald, vil mineralressursar og mineralnæringa vere eit viktig saksfelt for Vestland fylkeskommune. Ei sak om korleis fylkeskommunen kan arbeide med feltet på ein god måte vil difor vere ønskjeleg.»*

2 SI 4/2020 (03.03.20) - Interpellasjon frå Berthelsen (SV) - oppretting av mineralråd

I interpellasjonen er det argumentert for at mineralrådet ikkje er valt eller organisert i tråd med kommunelova, og at rådet såleis må vere ulovleg. Det vart blant anna spurt om fylkesordføraren er eining i at rådet har kome til på ein ulovleg måte. .

Fylkesordføraren svarte blant anna (sitat): *«Fylkesordføraren har på bakgrunn av det nemnde kome til at det oppretta mineralrådet ikkje har status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune. Dette er likevel ikkje til hinder for Vestland fylkeskommune si deltaking i interkommunalt samarbeid. Det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering. Det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet.»*

3 Hovudutval for næring vedtok å utsetje saka om mineralråd på møtet 17.02.21 (PS 19/2021)

Utsetjinga kom etter at det dagen før møtet vart sendt innspel til fylkesrådmannen frå utvalsmedlem Sæhle (SV). Der vart fylkesrådmannen bedt om å kome med ei juridisk vurdering av både opprettinga av utvalet, organiseringa og valet av medlemmer til rådet før utvalet behandla saka. Dette fordi spørsmålet i fylkestinget - om opprettinga av mineralrådet var i samsvar med reglementet i kommunelova - ikkje var svart ut i saka.

4 SI 8/2021 (10.03.21) - Spørsmål frå Berthelsen (SV) - om mineralråd og arbeidet med berekraftig mineralutvinning

I spørsmålet viser Berthelsen til dei to interpellasjonane sine i desember 2019 og mars 2020 (sjå ovanfor), og spør om kvifor det ikkje vart gjort ei juridisk vurdering før saka vart lagt fram for hovudutvalet for næring og kvifor saka ikkje vart lagt fram som lova i 2020.

Vidare viser Berthelsen til Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 der det står: «Med si deltaking i mineralrådet vil Fylkeskommunen jobbe for at mineralnæringa ikkje fører til forverring av miljøtilstanden i vassførekomstar eller fører til ei negativ utvikling for andre næringar som fiskeri, akvakultur og reiseliv.» Berthelsen vil gjerne vite kva mineralrådet og fylkeskommunen har gjort for å følgje opp dette og påverke sentrale styresmakter for å hindre forureinande sjødeponi og utsepp av giftige kjemikalier i Førdefjorden? Og kva meiner fylkesordføraren om at Norge no snart er det einaste landet i verda som tillet å dømpe gruveslam i sjøen?

Det vert vist til fylkesordføraren sine svar på møtet, (jf. protokoll).

Vedtakskompetanse

Ut frå sakshistorikken vert saka slutthandsama i fylkestinget, jf. svar frå fylkesordføraren på interpellasjon SI 4/2020 - oppretting av mineralråd: «Det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet». Og i fall de skulle oppnemnst politiske representantar til eit mineralråd er det fylkestinget som har mynde til å gjere dette.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde kr 1,5 millionar kroner til arbeidet i mineralrådet, som burde vere nok for drift i minst to år. Det er Sunnfjord kommune, som har sekretariatsfunksjon for rådet, som disponerer midlane.

Klima: Mineralrådet Vestland vil arbeide for berekraftig mineralnæring. Mange produkt frå mineralnæringa gjer det mogeleg å produsere ting som bidreg til grøn omstilling, og dermed til å nå klimamåla.

Folkehelse: Mineralrådet kan t.d. bidra til meir berekraftig/skånsam mineralnæring.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Mineralrådet skal arbeide for berekraftig mineralnæring. Mineralnæringa gir mineralske råstoff som er viktige råvarer for å gjere grøn omstilling mogeleg.

Oppbygginga av saka

Som det går fram under bakgrunn ovanfor, er det mykje som kan svarast ut i saka. Alle spørsmål som er stilt er elles frå partiet SV. Spørsmålet om mineralrådet er oppretta formelt rett etter kommunelova, dukka først opp i interpellasjonen i mars 2020.

I tillegg til spørsmålet om fylkeskommunen si deltaking i mineralrådet, var det ønskjeleg med ei sak ut frå følgjande svar på interpellasjonen i desember 2019: «*Trass i nokre atterhald, vil mineralressursar og mineralnæringa vere eit viktig saksfelt for Vestland fylkeskommune. Ei sak om korleis fylkeskommunen kan arbeide med feltet på ein god måte vil difor vere ønskjeleg.*»

Å greie ut om det sistnemnde er ei meir omfattande sak: Kor relevant er dette saksfeltet for Vestland fylkeskommune? Kva er fylkeskommunen sine oppgåver (jf. regelverk og nasjonale forventningar)? Kva aktørar er det på området. Det bør også takast utgangspunkt i kva som alt er gjort og kva som er status på dette området i det nye fylket. Og korleis vert det arbeid med saksfeltet i andre fylke som det kan vere relevant å samanlikne seg med.

Kva står det i Utviklingsplan for Vestland (2020-2024) og Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033) som skal til slutthandsaming i Fylkestinget juni 2021. Her følgjer utdrag frå diverse kjelder som administrasjonen legg som grunnlag for vurderingar og tilråding i saka.

Mineralressursar og mineralnæring - nødvendig - også for grøn omstilling

Mykje av stoffet her er frå «Mineraler for det grønne skiftet»¹ frå 2019, utarbeidd av NGU (Norges geologiske undersøking).

Det grønne skiftet vil krevje meir bruk av mange mineralske råstoff. Det vil også krevje ei stadig meir effektiv og reinare mineralutvinnande og foredlande industri. Det betyr at klimautslepp ved produksjon må reduserast og at råvarer og avgang må utnyttast betre. Det vil også ligge store utfordringar i å gjere vårt store forbruk av byggjeråstoff (sand, grus og puk) grønare, gjennom å tenkje «kortreiste» løysingar.

Noreg og EU er godt rusta for eit grønt skifte. Mineralindustrien har kome langt med å utvikle berekraftige løysingar, og Europa er leiande i utvikling av teknologi og løysingar for å samle inn material for gjenvinning. Noreg og dei andre nordiske landa er verdslaiande innan gruveteknologi, og regionen er leiande i Europa innan produksjon av både mineralske råvarer og raffinerte metall. Tilgang på ressursar, stabil politisk styring, vilje til regulering og fokus på både innovasjon og miljø gjer at Noreg og dei andre nordiske landa kan bidra med både produksjon og teknologi for ei grønare verd i dei komande tiåra.

Råstoff som er heilt vesentleg for utvikling av og forsyning til Europa sine stadig grønare verdikjeder kan bli vanskeleg å få tak i. Det skuldast ikkje mangel på desse råstoffa i jordskorpa, men at tilgangen på dei er styrt av nasjonale og/eller private monopol, i tillegg til at eksportrestriksjonar på viktige råstoff har auka betydeleg i verda dei siste ti åra.

Dette var utgangspunktet for EU sitt råvareinitiativ i 2008, som skisserer tre strategiske aksar: sikre gode og berekraftige handelsregimer for råvarer, sikre tilgang til råstoff i Europa og stimulere til effektiv ressursutnytting og resirkulering. Med jamne mellomrom presenterer EU-kommisjonen ei oppdatert liste over råstoff som er særleg viktige og sårbare, såkalla kritiske råstoff.


I tillegg til å etablere forskingsprogram knytt til råvareinitiativet gjennom det store europeiske tilskotsprogrammet Horizon2020 har kommisjonen etablert offentleg-industrielle partnerskap som skal styrkje dei tre aksane. For å overvake framdrifta i EU sin samla aktivitet vert det utarbeidd analysar annakvart år av eit sett med 24 indikatorar ("Raw materials score board"). Desse analysane femner breitt, frå behov for råvarer i tida framover, via leiting, undersøkingar og utvinning i Europa, til resirkulering og berekraft i næringa. Analysane dannar eit viktig grunnlag for utforming av politiske handlingsplanar i EU.

Mineralressursar og mineralnæring i Noreg og i Vestland

På landsbasis vart det i 2019 omsett mineralske råstoff til ein verdi av 11,6 milliardar kroner, og sysselsetjinga var på 4 558 årsverk. Det viser tal frå DMF, sjå «Harde fakta om mineralnæring - mineralstatistikk for 2019» [her](#). I rapporteringa er omsetjinga fordelt på dei fem råstoffgruppene byggjeråstoff (sand, grus og puk), industrimineral, metall, naturstein og energimineral. Byggjeråstoff utgjorde 62 prosent av samla omsetjing.


I rapporteringa er det også vist fylkesvis omsetjing med fordeling på dei fem råstoffgruppene, som vist på figur 1 nedanfor. Som vist der er ikkje Vestland blant dei største fylka i omsetjing av mineralske råstoff, og omsetjinga kjem for det aller meste frå byggjeråstoff.

¹ <https://www.ngu.no/publikasjon/mineraler-det-gronne-skiftet>



Figur 1: Total omsetjing for dei fem råstoffgruppene fordelt fylkesvis. Kjelde: DMF Mineralstatistikk 2019.

På figur 2 nedanfor er det vist norsk verdikjede for mineral for året 2014. Som vist var omsetjingsverdien frå uttak i Noreg på 13 mrd. kroner, der 7 mrd. kom frå eksport. Figuren viser også import av mineralske råstoff, og at nedstraums foredling utgjør ein svært vesentleg del av verdiskapinga basert på mineralske ressursar.



Figur 2: Norsk verdikjede for mineral 2014. Kjelde: NGU [Mineraler for det grønne skiftet, figur side 24](#).

Mineralressursar som framleis ligg i berg eller lausmassar er ein viktig del av landet sin "ressurskapital" for framtida. Nokre av desse ressursane kan realiserast på kort eller lang sikt, nokre vil truleg aldri bli det (grunna vern og nedbygging m.m.), og nye vil bli funne gjennom kartlegging og leiting. NGU har stipulert at påviste og antatte ressursar i bakken representerer verdiar for 2 500 mrd. kroner. Då er ikkje uoppdaga ressursar, eller ressursar på havbotnen teke med. Ifølgje NHO representerer dette ein bearbeidingsverdi på 8 000 mrd. kroner. Førkomstane er spreidd, og mineralnæringa gir difor arbeidsplassar over heile landet.

NGU, som forvaltar av geologiske databasar og kunnskap om ressursar i bakken, rapporterer på «Ressursar» som framleis ligg i bakken (i berg og lausmassar). I den siste oversikten, frå 2016², er det blant anna estimat over omsetjingsverdien til dei ulike råstoffgruppene, og kart over kvar det finst førekomstar av internasjonal og nasjonal betydning, samt særleg viktige prosjekt. Til dømes er Engebøfjellet (ved Førdefjorden) vist som ein metallførekomst (titan frå mineralet rutil) av internasjonal betydning. Engebøfjellet er også vist som eit særleg viktig prosjekt for industrimineralet granat. Elles er Sogn og Fjordane det området som er vurdert å ha desidert størst pukkressursar, heile 2,7 mrd. tonn, med ein omsetjingsverdi på 160 mrd. kroner.

Vestland

² https://www.ngu.no/sites/default/files/Ressursanalyse_2016_spreads.pdf

Når det gjeld Vestland, fekk fylkeskommune/mineralrådet våren 2020 utarbeidd fagrapporten «Mineralressursar i Vestland fylke», [NGU rapport 2020.027](#) (58 sider). Den gir oversikt over kjente førekomstar av, og potensialet for, mineralressursar av metall, industrimineral, naturstein, grus og pukk i fylket. Rapporten gir i tillegg oversikt over kva som per i dag finst av data som er viktige for å vurdere sjansane for funn av nye mineralførekomstar. Rapporten gjennomgår dei ulike kunnskapsbehova knytt til dei forskjellige førekomstane og gir forslag til prioritering av vidare undersøkingar/tiltak (oppsummert i tabell 4). Rapporten tek også for seg mogelegheitene for nedstraums foredling, som utgjer ein svært vesentleg del av verdiskapinga basert på mineralske ressursar. I følgje rapporten har Vestland fylke enkelte ressurstypar med openbare mogelegheiter for nedstraums næringsutvikling i stort omfang. Vurderingane er vist i tabell 5 i rapporten.

I NGU-rapporten er ressursgrunnlageter i Førdefjordområdet knytt til førekomstar av bergarten eklogitt vurdert å vere formidabelt, og kan gje næringsutvikling i generasjonar framover. Frå eklogitt får ein metallet titan (frå rutil) og industrimineralet granat. Eklogittførekomsten i Engerbøfjellet er den mest kjende og best undersøkte i området så langt.

I NGU-rapporten er anortositt (i «Gudvangen-Voss») vurdert å vere ein viktig ressurstype med eit gigantisk ressursgrunnlag. Næringspotensialet er eit økonomisk og miljømessig konkurransedyktig råstoff til aluminium-smelteverka. Mineralprosessering er avgjerande viktig, og det pågår FoU-arbeid i regi av Nordic Mining og IFE, støtta av EU. Forskinga siktar på ei nærast totalutnytting av bergarten. I rapporten er det vurdert å ikkje vere behov for særskilte tiltak frå fylkeskommunen i noverande situasjon, anna enn å følgje med på FoU-innsatsen som pågår, sjå [AISiCal-prosjektet](#) (mot ein grønarare mineral- og metallindustri i Europa)

Regelverk

Plan- og bygningslova

Kommuneplanen sin arealdel, jf. § 11-7, skal i nødvendig utstrekning vise område for «Råstoffutvinning», som eitt av underformåla under arealformålet «Bebyggelse og anlegg».

Mineralressursar har, (frå 1. juli 2017), kome inn som omsynssone i plan- og bygningslova, jf. § 11-8 (Hensynssoner) 3. ledd bokstav c. Det betyr at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise omsynssone «Mineralressursar». Til omsynssoner skal det i nødvendig utstrekning fastsetjast kva føresegner og retningslinjer som skal gjelde.

Etter plan- og bygningslova (§ 3-2) skal «regional planmyndighet» rettleie og bistå kommunane i deira planleggingsoppgåver. Fylkestinget er «regional planmyndighet» (jf. § 3-4). «Regional planmyndighet» skal sørge for å ha tilgang til nødvendig planfagleg kompetanse for utarbeiding og behandling av planar og planfagleg rettleiingsverksemd etter lova. Kommunestyret skal, (jf. § 3-3) sikre at kommunen har tilgang til nødvendig planfagleg kompetanse.

Minerallova (frå 1.1.2010)

For dei fleste mineraluttak på land krevst det driftskonsesjon etter Minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er konsesjonsmyndigheit, og fylkeskommunen er ein av høyringsinstansane. Det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova.

Minerallova er under revisjon. Det kjem ei innstilling i form av ein NOU innan 1.12.21.

«Havbunnsmineralloven» (Frå 1.7.2019, erstattar tidlegare kontinentalsokkellova)

Lova ligg under Olje- og energidepartementet.

Fylkeskommunen er konsesjonsmyndigheit for undersøking og utvinning av skjelsand, sand og grus i kystområda, jf. § 10-2. Vestland er det klart største skjelsandfylket i landet.

Viktige aktører på mineralområdet

Nasjonalt nivå

I mars 2013 la regjeringa (Stoltenberg II) fram «Strategi for mineralnæringen». Seinare på året vart det regjeringsskifte og strategien har kanskje ikkje blitt særleg prioritert. Strategien er lagt ut på regjeringa si heimeside, datert 13.03.2013, og kan lesast [her](#).

I eit representantforslag (frå Arbeidarpartiet) til Stortinget i 2017, er det etterlyst eit nytt krafttak for mineralnæringa. Forslaget, som ikkje fekk fleirtal, kan lesast [her](#). I bakgrunnen for forslaget står det blant anna:

Regjeringen Stoltenberg II fikk på plass viktige bærebjelker for en økt verdiskaping og flere arbeidsplasser i mineralnæringen. En fikk på plass en minerallov og en mineralstrategi. Strategien har som målsetting at mineralnæringen skal være verdiskapende og lønnsom, blant verdens mest miljøvennlige og med fremtidsrettede løsninger. Et av de mest sentrale tiltakene var en storstilt kartlegging av mineralforekomster i Norge, med mål om at 75 prosent av Norge skal kartlegges med avansert utstyr.

Regjeringen Solberg har erklært at «mineralnæringen vil derfor være et viktig satsingsområde». Dette har man sett lite til, særlig i den avgjørende kartleggingen av mineralforekomster i Norge. Dette arbeidet har ifølge NGU fått en «bråstopp» (NRK 6. november 2016).

Det er på tide med et nytt krafttak for mineralnæringen, for økt verdiskaping og for arbeidsplasser i hele landet. Et slikt løft bør som et minimum inneholde følgende elementer: ...

Sentralt departement for mineralnæring og mineralressursar er Nærings- og fiskeridepartementet. Underliggjande etatar er Norges geologiske undersøkelse (NGU) og Direktoratet for mineralforvaltning (DMF).

Bransjeforeininga 'Norsk Bergindustri' og arbeid med berekraftig mineralnæring

(Norsk Bergindustri er representert i Mineralrådet Vestland)

Norsk Bergindustri er bransjeforeininga for den norske mineralnæringa. Dette etter samanslåing i 2008 av dei tre foreiningane 'Bergindustriens landssamanslutning (BIL), 'Pukk- og grusleverandørenes landsforening' (PGL) og 'Steinindustriens landssammenslutning' (SIL). Foreininga består av ca. 160 medlemsbedrifter som produserer mineralske produkt, samt leverandørar av varer og tenester til bransjen. Norsk Bergindustri samarbeider med landsforeininga 'Norsk Industri'.

Blant dei viktigaste arbeidsoppgåvene er å betre rammevilkåra, gjere det meir føreseieleg og auke forståinga for bergindustrien si samfunnsrolle. Foreininga samarbeider med offentlege myndigheiter på alle nivå for å sikre ei positiv utvikling for den norske bergindustrien.

Foreininga jobbar for ei meir berekraftig mineralnæring, t.d. gjennom betre ressursutnytting og bruk av overskotsmassar m.m. Visjonen er ei klimanøytral mineralnæring med full ressursutnytting og ingen restmineral. Norsk Bergindustri har seks fagkomitear som skal sikre fagleg spisskompetanse ved alle sider av bergindustrien, blant anna *Miljøkomiteen* og *Deponikomiteen*.

Miljø og berekraft har fått stadig høgare prioritet i arbeidet til Norsk Bergindustri. I mars 2020 signerte foreininga avtale om å ta i bruk verktøyet og rapporteringsprogrammet *TSM* (Towards Sustainable Mining). Programmet har som hovudmål å gjere verksemdar innan bergindustrien i stand til å dekke samfunnet sine behov for mineral, metall og energiprodukt på ein best sosialt, økonomisk og miljømessig ansvarleg måte. TSM er eit rammeverk for måling av berekraftsinnsatsen i bergindustrien. Målet med TSM er å sikre god dialog med lokalsamfunna, innføre gode og relevante miljøstandardar og forplikte selskapa på HMS. Metodikken har vore i bruk i Canada sidan 2004 og er etter kvart teke i bruk i ei rekke land verda over. TSM vert knytt opp til fleire av FN sine berekraftsmål.

Frå våren 2019 har Norsk Bergindustri kunna tilby medlemmene ein kalkulator for berekning av miljøfotavtrykket gjennom ein *EPD generator* utvikla spesielt for bransjen. Ein EPD (Environmental Product Declaration), er ein miljødeklarasjon som oppsummerer miljøprofilen til ein komponent, eit

ferdig produkt eller ei teneste. Ein EPD vert laga på grunnlag av ein livsløpsanalyse, 'Life-Cycle Assessment' (LCA). Føremålet er at kunden skal kunne samanlikne miljøprofil og føreta ei vurdering og ta eit val basert på miljødeklarasjonen. EPD kalkulatorverktøyet gir høve til å leggje inn særskilte faktorar for det enkelte prosjekt. Dermed kan ein enkelt generere spesifikk EPD på enkeltleveransar, noko det vert stilt krav om i mange tilfelle i dag. (Jf. anskaffelsesloven)

Kommentar om grøne innkjøp: Det står blant anna om EPD i rettleiaren til grøne innkjøp frå oktober 2020, [her](#). Grøne innkjøp er lovpålagt, jf. 'anskaffelsesloven', og er eit viktig verkemiddel for å oppnå Noreg sine klima- og miljømål. Etter lova § 5 skal offentlege oppdragsgjevarar innrette anskaffingspraksisen sin slik at den bidreg til å redusere skadeleg påverknad på miljøet og fremje klimavenlege løysingar der det er relevant. I 2020 har til dømes Oslo kommune sitt kjøp av kinesisk stein fått merksemd i media. Bruk av norsk stein (kortreist, og sikkert vel så bra kvalitet) ville truleg gitt ca 10 gonger mindre CO2-utslepp, men (førebels) dyrare stein.

Norsk Bergindustri samarbeider tett med internasjonale aktørar om å utvikle framtidens gruvenæring. Blant anna samarbeider Norsk Bergindustri med EU om å etablere sjødeponi som 'best practice'. I tillegg engasjerer Norsk Bergindustri og medlemmene seg i forskingsprosjekt om temaet. Eit døme er det relativt store NYKOS-prosjektet (2014-2019), støtta av Norges forskningsråd. NYKOS er akronym for «Ny kunnskap om sjødeponering».

Kommentar til NYKOS-prosjektet: Hovudmålsetjinga med prosjektet var å bidra til ny kunnskap om miljøeffektane av deponering av gruveavgang i det marine miljøet. Prosjektet har blant anna relevans for «Engebøprosjektet». Der har planane om deponering møtt stor miljømotstand, men nasjonale fagmyndigheiter har gitt grønt lys for deponering.

Norges geologiske undersøkelse (NGU)

NGU er landet sin sentrale institusjon for kunnskap om berggrunn, mineralressursar, lausmassar og grunnvatn. Som forskingsbasert forvaltingsorgan, er NGU faginstans i geofaglege spørsmål også for dei andre departementa. NGU har ca 200 tilsette.

NGU sitt samfunnsoppdrag er å bidra til auka verdiskaping gjennom å framskaffe, bearbeide og formidle kunnskap om landet sine geologiske ressursar på land og i havområde. NGU skal dekke samfunnet sitt behov for geologisk basiskunnskap, blant anna for næringsutvikling.

NGU har to hovudmål, slik dei er formulert i tildelingsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet:

1. NGU si verksemd skal føre til at landet sin geologi og geologiske ressursar er kartlagt på ein måte som gir kartdata av god oppløysing, kvalitet og bruksverdi.
2. NGUs geologiske kunnskap skal vere lett tilgjengeleg og kostnadsfri for bruk i næringsutvikling, samferdsel, samfunnstryggleik, miljøspørsmål, og areal- og naturforvaltning.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

DMF er staten sitt sentrale fagorgan ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar i Noreg.

DMF fekk sitt noverande namn 1.1.2010. Tidlegare kortnamn var Bergvesenet. Tal tilsette auka frå 16 i 2011 til 56 i 2019. Totalt bemanningsbehov er i årsmeldinga for 2019 vurdert å vere 80-90.

DMF si primære oppgåve er å arbeide for at landet sine mineralressursar vert forvalta og utnytta til det beste for samfunnet. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for langsiktig ressurstilgang og forsvarleg og berekraftig utvinning og bearbeiding av mineral.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar vert bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting. DMF har eit særleg ansvar for at mineralressursar vert ivaretekne i saker etter plan- og bygningslova. Eit viktig verkemiddel i dette arbeidet er å gje innspel til regional og kommunal planbehandling for å hindre nedbygging av viktige mineralressursar. DMF gir i tillegg fagleg rettleiing i samband med regulering av område for råstoffutvinning, for ei mest mogeleg effektiv og berekraftig utnytting av ressursen.

DMF har motsegnskompentanse i saker som vedkjem uttak av mineralske ressursar samt mineralressursar av vesentleg regional, nasjonal eller internasjonal betydning.

DMF forvaltar minerallova, (som kom i kraft 1.1.2010). Det omfattar blant anna behandling av søknader om driftskonsesjon etter minerallova.

DMF gir årleg ut mineralstatistikk basert på driftsrapportering frå næringa.

Fylkeskommunen - Oppgåver og forventningar på mineralområdet

Eit viktig utgangspunkt er kommuneplanen sin arealdel, som i nødvendig utstrekning skal vise område for råstoffutvinning. Mineralske ressursar er ikkje-fornybare og må forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Det er også viktig å søkje å unngå at viktige mineralressursar vert bygd ned eller gjort utilgjengelege. Difor har som nemnt mineralressursar kome inn som omsynssone i plan- og bygningslova.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Det er følgjande forventning under ressursbasert næringsutvikling:

«Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.»

I omtalen under 'Mineralressursar' står det:

«Noreg har viktige mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn. Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for meir føreseielege rammer for investeringar, uttak og opprydding.

Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsmål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Det kan redusere presset på bynære grus- og pukkrressursar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.»

Det var tilsvarande forventning til fylkeskommunane og kommunane i dei nasjonale forventningane frå 2015.

Arbeid i fylkeskommunane - fylkesgeologar

I prosjektet «Regional forvaltning av mineralske ressursar» (NGU-rapport 95.112), vart det søkt å skaffe oversikt over korleis fylkeskommunane arbeide med forvaltning og utvikling av mineralske ressursar. Det vart funne at bruk av geologisk informasjon var svært ulikt vektlagt i fylka, avhengig av om det var geologisk kompetanse i fylkesadministrasjonen. Det var 6 fylkeskommunar som hadde fylkesgeolog i 1995, og arbeidsoppgåvene varierte betydeleg frå fylke til fylke, blant anna

- arbeid for å styrkje og utvikle næringsverksemda innan bergindustrien gjennom tiltaksarbeid og rettleiing innan verkemiddelapparatet m.m.
- arbeid for å fremje geologisk kartlegging og prospektering i fylket
- halde kontakt med relevante forskingsinstitusjonar, prospekteringselskap, regionale samarbeidsorgan og utval, forvaltingsorgan og andre som kan bidra til næringsutvikling og god forvaltning på mineralsektoren
- geofagleg rådgjeving til kommunane i arealplanlegging og ulike problemstillingar av geofagleg art
- saksbehandling vedkomande forvaltning, vern og bruk av geologiske ressursar.

Frå tidleg av hadde alle fylkeskommunane langs kysten frå og med Sogn og Fjordane til og med Finnmark fylkesgeolog. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde fylkesgeolog 1976-2009. Det kom felles regiongeolog i fylkeskommunane Buskerud, Telemark og Vestfold i ca 1995. I Hordaland fylkeskommune kom det «fylkesgeolog» i 1999. Seinare har det kome fylkesgeolog i Rogaland fylkeskommune (ca 2015) og Viken fylkeskommune (2020). Dei siste fylkesgeologane som har blitt tilsett (Rogaland og Viken) jobbar mest med byggjeråstoff (sand, grus og pukk) og masseforvaltning.

Det er sakshandsamar i saka her som vart tilsett som geolog i Hordaland fylkeskommune i 1999, etter vedtak i fylkesutvalet om å opprette slik stilling. Arbeidet skulle hovudsakleg gå ut på næringsutvikling, ressurskartlegging og nettverksbygging knytt til mineralressursar, men andre oppgåver kunne leggjast til, noko det har blitt mykje av. Sakshandsamar har bakgrunn som

berggrunnsgeolog frå NGU (1987-1999), og har særleg drive berggrunnskartlegging på Vestlandet, blant anna i Sunnfjordområdet knytt til eklogittprosjekt. I Vestland fylkeskommune gir saksbehandlar blant anna innspel om mineralressursar i kommunale planprosessar.

Ser ein bort frå fylkesgeologane, har det generelt vore svært lite geologisk kompetanse i forvaltninga på regionalt og lokalt nivå. Frå 2020 har det kome fleire geologar og geoteknikarar i fylkeskommunane på vegsektoren.

NGU ivra lenge for at fylkeskommunane skulle ha fylkesgeologar, og såg på desse som eit svært verdifullt kontaktledd mellom NGU som nasjonal geofagleg institusjon og fylkeskommunane. Fram til ca 2010 var det årlege nettverksmøte mellom fylkesgeologane og NGU. Etter at minerallova kom i 2010 har Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) fått auka ressursar og ansvar.

Særleg i eit stort skjelsandfylke som Vestland vil saksbehandling knytt til fylkeskommunen som konsesjonsmyndigheit for uttak av skjelsand i sjøområdet ta ein del tid.

Kommunane

Kommunane sine oppgåver er kjent. Det er dei færraste kommunane som har kommunegeolog. Fylkeskommunar som har fylkesgeologar kan ofte vere til hjelp for kommunane.

Vurderingar

Korleis kan fylkeskommunen arbeide med saksfeltet mineralressursar og mineralnæring på ein god måte? (jf. svar på interpellasjon SI 4/2019)

Det er eit godt utgangspunkt i fleire samanhengar at fylkeskommunen har administrativ fagkompetanse på området. Allereie der er Vestland fylkeskommune betre stilt enn fleire andre fylkeskommunar. Fagkompetansen vert t.d. brukt ved innspel i kommunale arealplanprosessar og kontakt mot fagmiljø. Generelt er det lite geologisk kompetanse på regionalt og kommunalt forvaltningsnivå, og mykje kompetanse på nasjonalt nivå.

I fylkeskommunen er det lite myndigheit knytt til saksfeltet, med unntak av fylkeskommunen som konsesjonsmyndigheit for skjelsuttak. Lite myndigheit på saksfeltet og lite av konkrete oppgåver og forventningar frå nasjonalt hald på området, gjer at saksfeltet gjerne vert nedprioritert i fylkeskommunane. Store uttak av mineralressursar vert ofte «kjenslevare plan- og nærings saker» av typen NIMBY («Not In My Back Yard»), der det vil vere ulike interesser å vurdere i fylkeskommunane. Det er likevel kommunane og fylkeskommunane sitt ansvar å avsetje nok areal til råstoffutvinning og drive god ressursforvaltning lokalt-regionalt.

Saksfeltet er viktig, men ikkje blant dei prioriterte i fylkeskommunen så langt. Det er lite av regionale mål, planar og strategiar på området, og det er brukt lite regionale tiltaksmidlar på området. Frå nasjonalt hald har det heller ikkje vore noko stor satsing på ressurskartlegging i Vestland så langt. Dette bør i tilfelle støttast av fylkeskommunen, men slik kartlegging vert langt meir krevjande enn t.d. å lage marine grunnkart.

Det bør vere regionalpolitisk interesse for å bidra til ei stadig «grønare» mineralnæring på vegen mot lågutsleppssamfunnet. I Regional utviklingsplan står det at planlegging er det viktigaste verktøyet for å sikre ei samfunnsøkonomisk, effektiv og miljøvenleg utnytting av naturressursgrunnlaget knytt til jord, skog, massar og mineral. Det står også at det i Regional transportplan skal utarbeidast prinsipp og strategiar for korleis ein kan utnytte overskotsmassar frå store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland. Det står også at sirkulærøkonomi handlar om å utvikle verdikjeder der råstoffutvinning, produksjon og gjenbruk heng nøye saman. Det står også at i utvinning av råstoff og produksjon av varer må ein stimulere til større grad av sirkulær økonomi og ressursgjenvinning.

I Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (høringsutkast) står det: «Det som i dag er viktige næringer vil i stor grad framleis vere det. Fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor, prosessindustri, mineralutvinning og reiseliv er sterke bransjar som både har konkurransekraft og gir ringverknader i den regionale- og nasjonale økonomien.»

Til Regional planstrategi/Utviklingsplanen kom det innspel frå Mineralrådet Vestland og eit par kommunar om å lage ein eigen regional plan for massehandtering og mineralressursar, og innspel om ein Vestnorsk mineralstrategi som tiltak i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Det er gode døme på slike planar i Rogaland (Jæren) og tidlegare Akershus fylke (Oslo-regionen). I Regional utviklingsplan for Vestland vart det likevel valt ei mindre omfattande løysing, ved å ta masseforvaltning inn i Regional transportplan og berre omhandle overskotsmassar. Løysinga gir i alle fall færre planar.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune var som einaste fylke og kommune med i det nasjonale forskingsprosjektet «Kortreist stein» (2016-2019), der Bergensregionen inngjekk som eit case under arbeidspakken planprosessar og ressursforvaltning. I den regionale masseforvaltninga bør det vere interessant å sjå på meir bruk av båt for å frakte massar. Det er gjort ein del på dette i tilknytning til K5 Arna-Stanghelle. Blant anna fekk fylkeskommunen gjennom «Klimasats-tilskot» utarbeidd rapporten «Samfunnsnyttig massehandtering med K5 Arna-Stanghelle som case» (Asplan-Viak 2020).

Vestland er nok det fylket som har desidert størst potensial for uttak og eksport av pukk frå fast fjell. I dag er Rogaland størst. Rogaland og Vestland stod for 93 % av samla selde tonn byggjeråstoff til eksport i 2019. Av dette utgjorde pukk det aller meste. Det vart i alt eksportert byggjeråstoff for 1,8 mrd. kr i 2019. I fylket kan det kanskje vere interessant å sjå på omfang og verdiskaping av pukkeeksport til kontinentet.

For naturstein skal det gjerne enkle undersøkingar til for å finne ut om det er drivverdige førekomstar. Det kan ofte sparast utslepp av CO₂ ved meir bruk av lokal naturstein framfor betong. Det er svært mange (eksisterande og potensielle) natursteinsførekomstar i fylket.

For industrimineral og metall (spesielt frå sjeldne jordartar), må det gjerne til langt meir omfattande ressurskartlegging og undersøkingar. EU har hatt stort fokus på å sikre tilgang på kritiske råstoff. I USA har president Biden, i nyleg presidentordre, bedt om å skaffe oversikt over korleis USA kan bli mindre avhengig av kritiske råstoff frå Kina og meir sjølvforsynt. I Noreg er det nasjonale forhåpningar om mineralutvinning frå havbotnen, men mindre satsing på førekomstar på land.

Anortositt og titan kom begge inn på EU si liste over kritiske råstoff sist haust. Slikt er det mykje av i Vestland (Voss-Sunnfjord). Som nemnt meiner NGU at det førebels er nok for fylkeskommunen å følgje med på FoU-arbeid som vert gjort i EU-prosjekt med sikte på mogeleg storskala produksjon av aluminium m.m. frå anortositt. Det har vore jobba i mange år med slike planar.

Fylkeskommunen og kommunane kan truleg bidra på fleire område i arbeidet med næringsutvikling knytt til titan og granat frå eklogittførekomstane ved Førdefjorden og Fjaler-Hyllestad området. Engebø-førekomsten (titan og granat) er i dag under utvikling av to, til dels konkurrerande, selskap. Det er truleg eit stort potensial for mineralnæring i Sunnfjordområdet. Det bør i tilfelle søkjast å få til mest mogeleg verdiskaping av ressursane gjennom nedstraums næringsutvikling. Det bør søkjast å byggje opp kunnskapsmiljø om slik vidareforedling og prosessering i Vestland, kanskje i Sunnfjord-området. Då kan det kanskje også bli aktuelt å prosessere/vidareforedle råstoff frå andre stadar.

Ein privatperson, H. Eide, har ønskt å gje ei stor steinsamling til fylkeskommunen. Den kan evt. sjåast i samanheng med mineralutviklingsprosjekt i Sunnfjord-området.

I Vestland fylke er det elles også under utvikling Geopark Sunnhordland og ein Regional- og Geopark i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. For begge desse er det ambisjonar om å oppnå status som UNESCO Global Geopark. Her har fylkeskommunen bidrege med blant anna tilskotsmidlar til prosjekta.

Mineralrådet Vestland

Med bakgrunn i vedtak frå fylkestinget og fylkesutvalet oppmoda Sogn og Fjordane fylkeskommune om at Vestland fylkeskommune vart deltakar i det som er kalla Mineralrådet Vestland. I interpellasjon i fylkestinget i mars 2020 vart det stilt spørsmål om mineralrådet si organisering. Då saka vart lagt fram for hovudutval for næring i februar i år kom det nytt spørsmål om organiseringa og utvalet valde å utsetje saka.

I saka som vart lagt fram for hovudutval for næring vart det teke til orde for ei mellombels løysing som ikkje tok opp i seg nødvendige avklaringar av rådet sin formelle status.

Mineralrådet - organisering

I mineralrådet sitt reglement (vedlagt) står det i § 1:

«*Mineralrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, § 5-1 (arbeidsutval)*».

Teksten viser at det dreiar seg om den nye kommunelova, (i kraft frå 01.11.2019), der det står:

§ 5-1 Folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal opprettes etter bestemmelsene i denne loven eller etter bestemmelser om slike organer i andre lover.

Folkevalgte organer etter denne loven er

- a) kommunestyre og fylkesting
- ...
- d) utvalg, inkludert kommunedelsutvalg og kontrollutvalg
- e) arbeidsutvalg
- ...
- i) representantskap og andre styringsorganer for et interkommunalt politisk råd
- j) representantskap for et kommunalt oppgavefelleskap
- k) et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ hjemlet i særlov.i

Mineralrådet er korkje eit fast utval eller eit arbeidsutval i Vestland fylkeskommune. Fylkestinget står likevel fritt til å opprette eit fast utval med mineral som saksfelt. Ein slik modell synes ikkje å ha vore intensjonen bak Mineralrådet.

Samarbeid mellom kommunar og/eller fylkeskommunar er regulert i kommunelova kapittel 17 flg. Av kommunelova § 17-1 følger:

«Kommuner og fylkeskommuner kan utføre felles oppgaver gjennom et interkommunalt samarbeid.

Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annen måte som det er rettslig adgang til.»

Ein mogleg modell kan vere interkommunalt politisk råd, som er regulert i kommunelova § 18-1, slik:

«§ 18-1. Interkommunalt politisk råd

To eller flere kommuner eller fylkeskommuner kan sammen opprette et interkommunalt politisk råd. Rådet kan behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Kommunestyrene og fylkestingene vedtar selv å opprette et slikt råd.

Et interkommunalt politisk råd kan ikke gis myndighet til å treffe enkeltvedtak. Rådet kan likevel gis myndighet til å treffe slike vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskuddsordninger.

Rådets navn skal inneholde ordene interkommunalt politisk råd.

De øvrige kapitlene i denne loven gjelder på tilsvarende måte så langt de passer for interkommunale politiske råd».

Dette er ein ny modell som vart innført ved ny kommunelov. Kommunar kan etter denne paragrafen saman opprette eit interkommunalt politisk råd til behandling av saker som går på tvers av kommunegrensene/fylkesgrensene. Det går direkte fram av lovteksten at det er krav om at rådet sitt namn skal innehalde orda «interkommunalt politisk råd», t.d. «Interkommunalt politisk mineralråd for Vestland».

Det er vidare eit krav at fylkestinget vedtek å opprette eit slikt råd. Tilsvarende vedtak må gjerast hjå dei kommunane som vert med i rådet. Eit slikt vedtak kan ikkje delegerast til fylkesutvalet. Tilsvarende er det fylkestinget sjølv som vedtek å leggje ned rådet.

Når det gjeld vedtaksmyndigheit så tillet ikkje lova at eit slikt råd fattar enkeltvedtak. Men det kan treffe vedtak om interne forhold om samarbeidet, samt enkeltvedtak som gjeld tilsetjing av t.d. sekretær, herunder suspensjon og oppseiing. Eit slikt råd kan forvalte tilskotsordningar dersom det får delegert myndigheit til det. Det er likevel ikkje høve for eit slikt råd til å yte tenester.

Døme på oppgåver til eit interkommunalt politisk råd:

- Gje høyringsuttalar som vedkjem næringsutvikling i regionen
- Drive aktivt utviklingsarbeid innanfor samfunns- og næringspolitikk
- Bidra til å utvikle regionen som aktivt turistformål
- Vere pådrivar og kontaktpunkt for utviklinga av regionen
- Gje tilskot til grundarar/idrettslag/anna for å stimulere til utvikling.

Økonomisk ansvar

Rådet har ubegrensa økonomisk ansvar, men avgrensa til deltakarane sin del av rådet sine forpliktingar.

Rådet sine organ

- Rådet skal ha eit representantskap som øvste organ
- Alle deltakarane skal vere representert med minst eitt medlem
- Medlemmene skal veljast av kommunestyre/fylkesting
- Medlemmene skal veljast for fire år - anna kan bestemast i samarbeidsavtalen
- Rådet kan sjølv opprette andre organ.

Til interpellasjonen i mars 2020 vart det svart at det oppretta mineralrådet ikkje hadde status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune, men at dette likevel ikkje var til hinder for Vestland fylkeskommune si deltaking i interkommunalt samarbeid.

Føresetnaden er då sjølv sagt at deltakinga skjer innanfor kommunelova sine rammer. Fylkesrådmannen har no gjort nærare vurderingar av Mineralrådet sine vedtekter og mandat, og kan ikkje sjå at desse er i samsvar med gjeldande kommunelov si regulering av interkommunalt samarbeid.

Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at det er høve til å omgå kommunelova sine krav til formalisering i dette høve ved til dømes å nytte *samarbeidsavtale eller partnerskapsavtale* som status for samarbeidet.

Fylkesrådmannen orienterer for ordens skuld om at plan- og bygningslova § 9-1 opnar for interkommunalt plansamarbeid med lempelegare formalkrav.

På bakgrunn av det nemnde, vil fylkesrådmannen rå til at fylkeskommunen ikkje tek del i Mineralrådet med dei vedtektene som ligg føre pr no.

Mineralrådet og fylkeskommunen

Det er ingen fylke som har mineralråd i dag, men det vert i regi av dei aktuelle fylkeskommunane arbeidd med å opprette eit mineralråd for Nord-Noreg. Dei nordlegaste fylkeskommunane vedtok Mineralstrategi for Nord-Noreg i 2019. Nord-Noreg er også stort når det gjeld metalliske malmar og industrimineral. Her er Vestland lite i dag, men det er vurdert å vere eit utviklingspotensial, ikkje minst knytt til eklogittar i Sunnfjordområdet m.m..

Mineralrådet Vestland har ein mineralstrategi å arbeide etter. Vestland fylkeskommune har ikkje forma sin innsats på mineralområdet enno, anna enn det som står i Regional utviklingsplan for Vestland og det som står i utkast til ny «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling» som no har vore ute på høyring.

Administrasjonen meiner at fylkeskommunen bør vere med på administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til mineral og næringsutvikling. Arbeidet som er gjort av kommunane Askvoll og tidlegare Naustdal er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Mineralrådet - økonomi

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde kr 1,5 millionar til rådet. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.

Konklusjon

Administrasjonen si vurdering er at med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid kan vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering. Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.